

SLT

Samordning av lokale rus- og
kriminalitetsførebyggjande tiltak

SLT-HANDLINGSPLAN

Tverrfagleg handlingsplan for samordning av lokale rus- og
kriminalitetsførebyggjande tiltak for barn og unge.

2021-2024



Innhald

1. Innleiing	3
2. Situasjonsbeskriving	3
Trivsel og miljø blant barn og unge i Hå kommune.....	3
Ungdata	3
Kommunale tenester	5
Rus og kriminalitet blant barn og unge i Hå kommune	6
Alkohol	6
Cannabis.....	6
Brukarplan	7
Statistikk frå politiet	7
Oppsøkjande arbeid	9
3. SLT-modellen/tverrfagleg organisering	9
4. SLT-koordinator si rolle.....	11
5. Rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak.....	12
Samtalegrupper i ungdomsskulen	
Team mot uønska skulefråvær	
Sterk&Klar	
Allemed i Hå	
Flexid	
Saman om god oppvekst !	
Nettverksgrupper for foreldre	
Natteramnar	
Reaksjonar frå påtalemyndigheit og oppfølging frå kommunen	
Oppsøkande arbeid	
Skilsmissegrupper	
Delbart	
TIBIR- tidleg innsats for barn i risiko	
8.klassesamtalar	
Ungdomsteam	
Familiesenteret	
6. Årshjul for tverrfagleg samarbeid og tema i ungdomsskulane	14

1. INNLEIING

SLT-modellen vart introdusert i Noreg tidleg på 1990-talet. SLT står for samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak.

Hå kommune sin SLT-handlingsplan er revidert, og målet er å få fram korleis me best mogleg kan samordna det rus- og kriminalitetsførebyggjande arbeidet i kommunen.

Kriminalitetsførebygging handlar om å satsa systematisk på å førebyggja kriminalitet i staden for å reparera. Innsatsen må vera mangfaldig og rettast mot både sosiale miljø,

enkeltpersonar og fysiske nærmiljø. Tidleg hjelp og støtte for å sikra gode og stimulerande oppvekstvilkår for barn og unge bidreg til mindre problemåtferd, rusbruk og kriminalitet.

Målgruppa for det rus- og kriminalitetsførebyggjande arbeidet i Hå kommune er barn og unge i aldersgruppa 0-20 år og deira familiar.

[Barne- og ungdomsløftet](#) er Hå kommune sin modell for arbeidet med å sikra tidleg innsats og god tverrfagleg samhandling for barn og unge. Denne tverrfaglege samarbeidsmodellen er bygd opp rundt [SLT-modell](#).

2. SITUASJONSBEKRIVING

I Hå kommune bur det nærare 5000 ungdommar under 18 år. Dei går på 11 barne- og ungdomsskular, men dei må hovudsakleg ut av kommunen for å gå på vidaregåande skule. Gjennom kartleggingar som Ungdata og Brukarplan, politiet sine statistikkar og rapportar, oppsøkande verksemd og tilbakemeldingar frå dei ulike tenestene får me ei situasjonsbeskriving av *trivselen og miljøet* og *rus og kriminalitet* blant dei unge i Hå kommune.

Trivsel og miljø blant barn og unge i Hå kommune

Ungdata

Ungdatakartlegginga frå 2019 viser at dei aller fleste ungdommane er godt fornøgde med foreldra sine, og mykje tyder på at den generasjonskløfta som prega ein del av dei tidlegare ungdomsgenerasjonane ikkje lenger er til stades. Svært mange av ungdommane i Hå opplever at foreldra har god oversikt over kva dei gjer på fritida og har god oversikt over kven dei er saman med.

I dei fleste kommunane viser det seg at den delen som er fornøgd med lokalmiljøet sitt søkk i løpet av åra i ungdomsskulen, og dette gjeld spesielt for jentene. Tala for Hå kommune viser at 19% av ungdomsskuleelevane er litt eller svært misfornøgd med lokalmiljøet sitt.


Skulen er ikkje berre ein stad for læring, men også ein arena for sosialt samvær. Resultata frå Ungdata viser at dei fleste trivst på skulen. Likevel viser tala frå Hå at den delen som

trivst på skulen har blitt lågare for kvart år sidan 2012. Den same trenden ser vi når det gjeld om elevane i ungdomsskulen er fornøgd med skulen dei går på. 68% var fornøgde i 2016, medan 54 % var fornøgde i 2019.

Mobbing er eit alvorleg problem som rammar fleire unge. Skulane i Hå har over lengre tid jobba godt for å stoppa den negative utviklinga. Likevel rapporterer 10 % av ungdomsskuleelevane at dei vert mobba minst kvar 14.dag.

Tidstrend i Hå


Prosentandel av ungdomsskuleelever som blir mobbet minst hver 14. dag



Ungdomstida er ein periode som byr på store omveltingar – både kroppsleg og mentalt. Det er difor naturleg at mange kjenner på at kvardagen kan vera vanskeleg i blant. Prosentdelen av ungdommane på landsbasis og i Hå som melder frå om at dei er mykje plagga av einsemd og depressive symptom er aukande viser Ungdata.

Tidstrend i Hå


Prosentandel av ungdomsskuleelever som er mye plaget av ...



Ungdata viser ein negativ trend når det gjeld ungdomsskuleelevar som har blitt utsett for truslar om vald minst ein gong i løpet av det siste året. Heile 15 % rapporterer om dette, og gutane er langt meir utsette enn jentene. Representantar frå elevråda på ungdomsskulane og frå Ungdomsrådet i kommunen har delteke i drøftingar rundt dette. Det kjem ikkje fram klare årsaksforklaringar til dette høge talet på truslar om vald.

Tidstrend i Hå

Prosentandel av ungdomsskuleelever som har blitt utsatt for trusler om vold minst én gang i løpet av det siste året



KoRus Vest, Rogaland A-senter som administrerer Ungdataundersøkinga i Rogaland, har konkludert med at forandringane i Hå kommune frå 2016 til 2019 samla sett er lik for resten av Rogaland. Det vil seia at det er ein auke i utfordringar knytt til sjølvbilete og psykiske plager. Det er ei auke av utagerande åtferd, regelbrot og rus. KoRus meiner at dei viktigaste førebyggjande tiltaka for kommunen er å auka trivselen blant elevane i skulen og arbeida med haldningar til rus. [Ungdata 2019 - ungdomsskuleelevar i Hå](#)

Kommunale tenester

Det er mange organiserte fritidsaktivitetar for ungdom i kommunen. Ungdomsklubbane opplever ein stor oppgang når det gjeld besøk, og i den søre delen av kommunen er det nyleg starta opp ny ungdomsklubb. Eit ny klubbtilbod for ungdom frå 10.klasse og opp til 25 år vert også sett i gang på Varhaug. Det vil då vera eit fritidsklubbtilbod i kommunen fire dagar i veka.

Helsesjukepleiarane har samtalar med alle 8.klasseelevane om tema som fysisk og psykisk helse, overgrep og vald, rus og kriminalitet. Dei vanlegaste utfordringane som kjem fram gjeld psykisk helse, særleg det å vera einsam, lei seg, vekt- og kroppsfokus. Dessutan tek nokre av ungdommane opp at dei slit med å finna seg til rette i skulemiljøet ved enkelte skular.

"Ungdomsteam", avd. psykisk helse og rusvern, er eit tilbod for ungdom i alderen 13 - 23 år. Fokuset er tidleg intervensjon og førebygging hjå ungdom og unge vaksne, som strever med psykiske utfordringar og er i risiko for skadeleg rusbruk. Dei unge strevar oftast med psykisk helse, rus og å halda ut utdanningsløpet. Ein har registrert at fleire av dei som vert tilvist har, eller har hatt, manglande støtte frå omsorgspersonar i oppveksten og mangel på oppleving av meistring i skulen.

Familiesenteret har tilbod til barn og ungdom opp til 18 år og deira familie. For barn i alderen 0-13 år som sjølv ikkje ønsker samtalar blir det vurdert om rettleiing til deira

omsorgspersonar er meir hensiktsmessig. Det vert gitt tilbod om samtalar til barn og ungdom som har utfordringar, eller som har psykiske helseplagar som dei treng hjelp til å meistra betre.

Rus og kriminalitet blant barn og unge i Hå kommune

Sidan alkohol er det mest nytta rusmiddel, og cannabis er det rusmiddel som har hatt ein auke blant dei unge i kommunen, er det desse to rusmidla me vel å ha fokus på i denne planen.

Alkohol

Alkohol som rusmiddel har lang tradisjon i Noreg. Til trass for at vaksne i dag drikk meir alkohol enn tidlegare, har dei unge sin bruk flata ut, og frå tusenårsskiftet vist ein merkbar nedgang. Ungdata viser at det er stor variasjon i kor gamle ungdommane er når dei begynner å drikka alkohol, men det store fleirtalet har ikkje drukke seg fulle i løpet av ungdomsskuletida.

I samtalar med ungdom kjem det likevel ofte fram at dei tykkjer Ungdataresultata gir eit feil bilete av alkoholbruken blant dei unge. Dei seier at det er for få svaralternativ i undersøkinga, og at ungdom drikk meir enn det som kjem fram i kartlegginga. Eit tema det vert viktig å fortsetja og kasta lys over, er dei unge og foreldra sine haldningar til alkohol. Både Ungdataundersøkinga 2019 og ungdommane me har vore i kontakt med, seier noko om foreldra sin aksept for alkoholbruk.

Cannabis

Ungdata viser at relativt få elevar på ungdomstrinnet har erfaring med cannabis. Likevel ser me ein negativ trend frå 2016 til 2019 med ein auke frå 2% til 5% av ungdom under 16 år i Hå som bruker eller har brukt cannabis det siste året. Her skil Hå kommune seg negativt ut i forhold til resten av Rogaland, men også i forhold til nasjonale tal. Inntrykket er også at det er fleire ungdommar i dag som har ei meir liberal haldning til cannabis enn tidlegare. Det same resultatet kjem fram i Folkehelseinstituttet si undersøking av 10.klassingar sin bruk av cannabis og andre ulovlege rusmidlar. Dette er ei undersøking som vert gjennomført kvart fjerde år. Etter nesten ti år med stabile tal for bruk av cannabis, var det i 2019 ei auke i delen av unge som rapporterer slik bruk. I perioden 2007-2015 var det 6,2% som hadde prøvd cannabis, medan i 2019 svarte 8,7% det same.


Undersøkinga til Folkehelseinstituttet viser også ein stor nedgang i kva grad ungdom vurderer regelmessig bruk av cannabis som farefullt. Den delen av ungdommane som

vurderte skade ved bruk av cannabis var i 1995 87%, i 2015 70% - medan i 2019 er det berre 54% som vurderer at bruk av cannabis gir stor skade.

Ungdataundersøkinga viser:

Tidstrend i Hå

Prosentandel av ungdomsskoleelever som har brukt hasj eller marihuana siste år



Brukarplan

Verktøyet *Brukarplan* kartlegg situasjonen til innbyggjarane i Hå som nyttar rusmidlar på ein slik måte at dei kjem i kontakt med hjelpeapparatet i kommunen. Siste kartlegging var i 2018, og resultatene viser at Hå kommune i hovudsak har dei same utfordringane som andre kommunar som ligg i randsona rundt større byar.

Den delen av kartlagde (ikkje talet) unge som er mellom 16 og 23 år er forholdsvis stor i vår kommune, men det totale talet på kartlagde er som forventet for ein kommune av Hå sin størrelse. Det er verdt å merke seg at talet vaksne over 23 år er tilsvarende lågare. Me kjenner ikkje årsaka til dette, sjølv om me har analysert resultatene i samarbeid med KORUS Vest.

95% av gruppa mellom 16 og 23 år ruser seg primært på cannabis, halvparten i ein kombinasjon med alkohol. Desse har som hovudregel dratt på seg fleire tilleggsproblem som kan vera knytt til psykisk helse og vanskeleg bustadsituasjon. Dei er også ofte utanfor arbeid eller skule/studiar. 67% av desse er menn.

Statistikk frå politiet

Situasjonen rundt Covid-19 har ført til nedgang i meldte saker hjå politiet, deriblant på vald- og sedskapsbrot. Samtidig har mykje av kriminaliteten flytta seg frå det offentlege rom til heimen og internett, der risikoen for å bli oppdaga er betydeleg mindre. Skule, barnehage og barneverntenesta er viktige aktørar og samarbeidspartnarar innan førebygging og avdekking av vald og seksuelle overgrep mot barn.

I Sør-Vest politidistrikt har den registrerte barne- og ungdomskriminaliteten hatt ein svak nedgang for 2019, medan det i kommunane Hå, Time og Klepp har vore ein auke. Den registrerte ungdomskriminaliteten i Hå kommune gjekk opp med 55 prosent mellom 2018 og 2019, og her er det særleg mange registrerte forhold innan trafikk og skadeverk, samt bruk av fyrverkeri. Ein må likevel vera merksam på at den registrerte auken kan ha samanheng med nærpolitireforma sitt fokus på førebygging generelt, men også med politimeisteren si prioritering av målretta førebygging av barne- og ungdomskriminalitet spesielt.

Sjølv om det er ein auke i den registrerte barne- og ungdomskriminaliteten i Hå, betyr ikkje det at ungdom generelt har blitt meir kriminelle. Det er kun 1 % av ungdommane på Jæren som er registrerte med kriminalitet.

Den gruppa ungdommar som er skuldige i mykje og ulik kriminalitet, er forholdsvis stabil. Dette er ungdommar som synest å ha enda meir samansette og tunge utfordringar nå enn tidlegare. Rusproblematikk er en fellesnemnar for desse ungdommane. [Kartlegging av barne- og ungdomskriminaliteten i Hå.](#)

I 2020 har Hå kommune ein nedgang i u18 saker, men saker som handlar om skadeverk, vinning og bruk av fyrverkeri aukar. Me har i tillegg mottatt statistikk frå Jæren lensmannskontor, som viser at Hå kommune har ei betydeleg auke i truslar om vald og valdssaker både blant unge under 18 - og også blant unge under 15 år. Barneskuleelevar gir tilbakemeldingar om at fleire føler seg utrygge somme stader på Nærbø på grunn av desse ungdomsgruppene. SLT har i samarbeid med politi, barneverntenesta og skule sett i gang tiltak overfor både enkeltungdom og grupper av ungdommar.

I Hå samarbeider politi- og kommunetilsette godt med felles problemforståing.

Påtaleunnlating med vilkår blir definert som ein suksess, saman med ungdomsoppfølging gjennom konfliktrådet. Erfaringa med å avdekka lovbrøt tidleg, og deretter tilby oppfølging eller påtaleunnlating med vilkår, medverkar ofte til å ramma inn ungdommane på ein god måte, noko som også for ungdommane vert opplevd som positivt.

Oppsøkjande arbeid

SLT-koordinatoren i Hå har i periodar drive oppsøkjande verksemd. Med dette arbeidet har ein fått auka kunnskap om kva som rører seg blant ungdom i kommunen, og kva område kommunen burde fokusera meir på i tida framover.

[Rapport oppsøkjande arbeid 2020](#)

Eit tema det vert viktig å fortsetja og kasta lys over, er foreldra sine haldningar til alkohol.


Både Ungdataundersøkinga 2019 og ungdommane me



har vore i kontakt med, seier noko om foreldra sin aksept for alkoholbruk.

3. SLT – MODELLEN/TVERRFAGLEG ORGANISERING

SLT-modellen og den tverrfaglege organiseringa er bygd opp med eitt kommunenivå, tenestenivå og individnivå.



På **individnivå** er ressursgruppene i barnehagar og skular den viktigaste arenaen for tverrfagleg samarbeid. Her kan alle som er i kontakt med barn og unge ta opp saker til diskusjon. [Retningslinjer for ressursgruppene](#), [Oppfølgingsplan barnehage](#), [Oppfølgingsplan skule](#)

Sjå [rettleiaren for det tverrfaglege samarbeidet](#).

[OSG \(Operativ SLT-gruppe\)](#), er eit fast samarbeidsfora der ein drøfter ungdomsmiljø og enkeltungdommar som ein er uroleg for, med mål om å hindra at unge utviklar ein kriminell livsstil. Målgruppa er ungdom i alderen 13 til 20 år.

På **tenestenivå** er den tverrfaglege koordineringsgruppa (SLT). Her er det tenesteleiarar frå alle tenestene som rettar seg mot barn og unge. Desse deltek i koordineringsgruppa: skulesjef, barnehagesjef, leiar barnevernstenesta, fritidsleiar, leiar psykisk helse og rusvern, leiar helsestasjon og skulehelsetenesta, Allemed-koordinator, leiar PPT, politikontakten, kommuneoverlege, folkehelsekoordinator og SLT-koordinator. Andre vert kalla inn ved

behov. Grappa er kommunen sitt folkehelseforum.

På **kommunenivå** er den tverrfaglege styringsgrappa (SLT) og politiråd.

Her sit ordførar, kommunedirektør, politikontakt, kommunalsjef opplæring og kultur, kommunalsjef helse og sosial og SLT-koordinator.

4. SLT-KOORDINATOR SI ROLLE:

SLT-koordinator skal:

- koordinera og samordna det rus- og kriminalitetsførebyggjande arbeidet i kommunen
- vera bindeleddet mellom styringsgrappa/politirådet, koordineringsgrappa og dei som arbeider direkte med barn og unge
- bidra til at det vert sett felles mål, og at tiltak vert gjennomført og evaluert
- inspirera, motivera og vera ein pådrivar

Hå kommune har sett av 100%-stilling til SLT-arbeidet.

I Hå kommune sin organisasjonsplan er SLT-arbeidet lagt inn under kommunalsjef for opplæring og kultur.

SLT-koordinator deltek i nettverk med andre SLT-koordinatorar i Sør-Rogaland og i samarbeid med SLT-koordinatorane på Jæren.



5. RUS- OG KRIMINALITETSFØREBYGGJANDE TILTAK

I kommunen er det ei lita gruppe unge som har auka risiko for å utføra straffbare handlingar dersom dei ikkje får hjelp tidleg i livet. Vi veit at det allereie frå barnehagealder kan vera viktig å setja inn tiltak. Dersom barn har kome inn i ei negativ utvikling, skal barnet få hjelp frå kommunen til å koma seg ut av denne negative utviklinga. Ungdommar som har utvikla ein kriminell løpebane skal få oppfølging, og straffereaksjonen må innehalde målretta tiltak som hindrar gjentaking av kriminalitet og straffbare handlingar. Det kan vera naudsynt med tettare oppfølging og kontroll for ungdommar med samansette utfordringar. Det er viktig å forstå dei bakanforliggende faktorane for å kunne hjelpe dei best mogleg. Det er ikkje alltid unge responderer på grensesetting og sanksjoner, men nokre treng heller skreddarsydde opplegg som handlar om familie, venner, skule og fritidsaktivitetar. Gode tiltak overfor føresette som strevar med ungdommen bør prioriterast. Familiesenteret i kommunen gir tilbod om rettleiing og støtte til føresette som ønsker det.

Hå kommune har ulike tilbod som rettar seg mot barn og unge og deira familiar. SLT-handlingsplanen skal visa tiltak som er førebyggjande, og tiltak som er retta mot dei barna/unge som allereie har utfordringar.

Saman om god oppvekst! er døme på eit førebyggjande foreldrerettleiingsprogram (0-6 år).

Team mot uønska skulefråvær arbeider med tiltak på individnivå retta mot unge som har dei største utfordringane.

SLT-koordinator arbeider også med ungdommar som har fått ulike reaksjonar frå politiet.

TIBIR, *tidleg innsats for barn i risiko*, er eit anna tiltak retta mot barn med åtferdsproblem og deira familiar.

Ungdom med psykiske utfordringar og/eller rusproblem får hjelp og støtte gjennom *Ungdomsteamet* i kommunen.

Operativ SLT-gruppe set i verk tiltak retta mot ungdomsgrupper og enkeltungdommar som ein er uroleg for og som har utført straffbare handlingar. Målet er å hindra at dei unge utviklar ein kriminell livsstil.

Etter Ungdatakartlegginga i 2019 oppfordra KoRus Hå kommune til å arbeida enda meir med både vaksne og unge si haldning til rusmiddel. Det er gjort ved at kommunen har inngått ein samarbeidsavtale med IOGT, og har starta førebyggingsprogrammet [Sterk&Klar](#) som er retta mot alle foreldre ved ungdomsskulane i kommunen. Dessutan vert det gjennomført eit undervisningsopplegg om cannabis i ungdomsskulen. Målet med undervisninga er å gje faktaopplysingar og få ungdommane til å reflektera over eigne haldningar.

Tiltak	Ansvar for opplegget	Tid
Samtalegrupper i ungdomsskulane Målet er å styrka venskap og psykisk helse.	Skulane - to gruppeleiarar	6-10 samlingar
Team mot uønska skulefråvær Skulane skal følgja dei rutinane for førebygging og handtering av urovekkjande skulefråvær som finns i Handlingsplan ved urovekkjande skulefråvær	Leiar PPT	
Sterk&Klar <i>Sterk&Klar</i> er eit foreldreprogram som vert drive på alle ungdomsskulane i kommunen. Programmet er utvikla med tanke på å støtta og rettleia foreldre i å tilretteleggja for ei rusfri ungdomstid. Det er fire samlingar for foreldra i løpet av ungdomsskuletida: 8.trinn, haust: Foreldrerolla og foreldra si betydning 8.trinn, vår: rusførebygging, alkohol og cannabis 9.trinn, haust: Gaming, psykisk helse og sosiale media 10.trinn, vår: Overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande, cannabis og russetid.	Sterk& Klar (IOGT)	8.trinn-to samlingar 9.trinn-ei samling 10.trinn-ei samling
Allemed i Hå Tiltak for å få alle barn og unge med i ein fritidsaktivitet uavhengig av foreldra si inntekt Tiltaket handlar om å førebyggja utanforskap, og dermed også førebygging av kriminalitet og radikalisering.	Allemed - koordinator	
Flexid Undervisningsopplegg for krysskulturelle ungdommar. Dei får kunnskap, verktøy og rom til å reflektera rundt eigen identitet og tilhøyring i møte med andre med same type oppvekst.	Flexidinstruktørar	2 timar pr samling 12 samlingar
Saman om god oppvekst! Foreldrerettleiingsopplegg retta mot foreldre til 3- og 5-åringar. Målet er å trygga og styrka foreldre i foreldrerolla, dei skal verta meir bevisste kva slags oppseding dei vil gje til barna sine.	To kursinstruktørar	To samlingar à 2 timar
Nettverksgrupper for foreldre SLT tar initiativ til eller etablerer nettverksgrupper i samarbeid med føresette og/eller andre tenesteområde i kommunen. Målet er å betre samhandlinga mellom	SLT-koordinator	Tidsbruk etter behov

vaksne, som igjen styrker oppvekstmiljøet for barn og unge.		
Natteramnar Hå kommune har etablert natteramnsarbeid på Vigrestad, Varhaug, Ognå og Nærbø. Edru, trygge og ansvarfulle vaksne, observerer og er synlege i nærmiljøet.		
Reaksjonar frå påtalemyndigheit og oppfølging frå kommunen.	SLT-koordinator	
Oppsøkande arbeid Målet er å avdekka symptom på problemutvikling i ungdomsmiljøet, etablere kontakt med enkeltungdommar og utsette grupper, og motivere for og formidla hjelpetilbod.	SLT-koordinator	
Skilsmissegrupper	Helsesjukepleiar	1 t/v (6-8 gonger)
Delbart Undervisningsopplegg med mål om å førebygge deling av seksualiserte bilete	Politiet	1 time på hausten
TIBIR -tidlig innsats for barn i risiko Retta mot barn i alderen 3-12 år og deira foreldre. Det er eit program for førebygging og behandling av åtferdsproblem.	Familiesenteret, helsesjukepleiar, barneverntenesta	Seks intervensjonar
8-klassemøtar Tema: fysisk og psykiske helse, overgrep og vald, rus og kriminalitet.	Helsesjukepleiarar	
Ungdomsteam "Ungdomsteam", avd. psykisk helse og rusvern, er eit tilbod for ungdom i alderen 13 - 23 år.	Ungdomsteamet	
Familiesenter har tilbod til barn og ungdom opp til 18 år og deira familie.	Familiesenteret	

6. ÅRSJUL FOR TVERRFAGLEG SAMARBEID OG TEMA I UNGDOMSSKULANE.

Dette er ein oversikt over kva ulike tenester tilbyr av opplegg i ungdomsskulane:

Innledning

Trinn	Tema	Kven har ansvaret for opplegget	Tidsbruk	Kva tid
8 – 10	Samtalegrupper i ungdomsskulane	Tilsette på skulen	1 t/v (6-10 gonger)	Haust / vår
8	Delbart Undervisningsopplegg førebygging av deling av seksualiserte bilete	Politiet	1 t/årleg	Haust
8	Skilsmissegruppe	Helsesjukepleiar	1t/v (6-8 gonger)	Skulehelsetenesta sender ut brev
9.	Psykisk helse	Helsesjukepleiar	1 t/årleg	Okt
8.-10.	Verdensdagen for psykisk helse	Ei tverrfagleg gruppe		Okt.
9	Seksualitet	Helsesjukepleiar	1 t/årleg	Jan / Feb
9	Rus	Helsesjukepleiar	1 t/årleg	Mai
9	Tankevirus Destruktive tankar og fysisk aktivitet	Fysioterapeut	3-4 økter/årleg?	Okt ?
10	Cannabis Gje faktaopplyingar og reflektera over eigne haldningar	Psykisk helse, rusvern og SLT	1 t / årleg	Des ?
10	Ikkje tøft å vera død Trafikksikkerheitskampanje retta mot ungdom	Trygg trafikk		
10	Penger veks ikkje på trær, Økonomi	Jæren sparebank		
9-10	Flexid Krysskulturelle ungdommar får kunnskap, verkty og rom til å reflektera rundt eigen	ALLEMED-koordinator og lærar	2 timar pr samling 12 samlingar	Skulane vert kontakta ved oppstart av nye samlingar

	identitet og tilhøyring i møte med andre med same type oppvekst.			
Føre-sette 8-10	<i>Sterk & Klar</i> Programmet er utvikla med tanke på å støtta og rettleia foreldre i å tilretteleggja for ei rusfri ungdomstid.	Kurshaldarar frå <i>Sterk & Klar</i>	2 samlingar 8.kl 1 samling 9.kl 1 samling 10.kl	<i>Sterk & Klar</i> sender ut invitasjon til alle foreldre